

Fra: John Martin Jacobsen (John.Martin.Jacobsen@hfk.no)

Sendt: 11.07.2016 08:34:35

Til: Inge Edvardsen

Kopi:

Emne: VS: Kvam herad - gang- og sykkelveg, Kvamskogen - supplering av søknad

Vedlegg: Forenkla GS-veg.pdf;image001.png

Fra: Kaale, Leiv Ingmar [<mailto:leikaa@kvam.kommune.no>]

Sendt: 8. juli 2016 15:37

Til: Samferdselavdelinga - Postmottak <samferdsel@hfk.no>

Emne: Kvam herad - gang- og sykkelveg, Kvamskogen - supplering av søknad

Til Hordaland fylkeskommune, Samferdselsavdelinga

Me viser til vårt brev datert 22.01.16 der me søkte om at gang-og sykkelvegprosjektet på Kvamskogen skulle verta tatt med i *prøveordninga om utbygging etter forenkla standard*. Me forstår det slik at fylkeskommunen skal vera bindeleddet mellom kommunen og initiativtakarane til ordninga som er KS/Samferdselsdepartementet.

I etterkant av at søknaden vart sendt inn, er det avhelde fleire møter mellom aktørane som er involvert i prosjektet og det foreligg no meir konkrete planar for ei forenkla løysing. Sist møte vart arrangert som ein videokonferanse 15.06.16. På dette møtet deltok Statens vegvesen, Hordaland fylkeskommune, Kvamskogen næringslag og Kvam herad. Det er gang- og sykkelveg på strekninga Ungdomsheimen-NAF'en som me meiner høver seg godt for prøveordninga.

I møtet gjekk me gjennom vedlagt kartskisse. På dette kartet er den forenkla løysinga (vist med mørk rosa farge) lagt oppå den vedtatte reguleringsplanen for gang- og sykkelvegen. Den forenkla løysinga baserer seg i større grad på eksisterande lokalvegar og er meir fristilt frå fv. 7. Gang- og sykkelvegen er tenkt med ei planert breidde på 3-4 meter og med eit akseltrykk på 8 tonn. Dette mogleggjer bygging ved bruk av duk/geonett og er derfor i mindre grad avhengig av store masseutskiftingar samanlikna med den regulerte løysinga. Den forenkla løysinga vil heller ikkje utløysa det same behovet for oppgradering av vegkryss og auka standard på køyrevegen. Kartskissa viser ei løysing som er avgrensa til å omfatta trafikktryggingstiltak for dei mjuke trafikantane. Gang- og sykkelvegen skal brøyta om vinteren og vera knytt opp mot busshaldeplassane på strekninga. Kvamskogen Næringslag driftar i dag skiløypenettet på kvamskogen og kan vera interessert i å inngå avtale om å drifta gang- og sykkelvegen også.

I møtet vart det diskutert at eit mogeleg grep fram mot gjennomføring kan vera å fremja den forenkla løysinga som ein dispensasjonssøknad. Med eit slikt grep vil den regulerte løysinga framleis liggja der som eit mogeleg framtidig grep og kan då gjennomførast etappevis, t.d. i samband med enkelte større byggjeprosjekt på strekninga. I høve ein dispensasjonssøknad vil det vera ein fordel om den forenkla løysinga var del av den nemnde prøveordninga og at det er semje om at ei slik løysing kan vera eit tilfredsstillande svar på trafikksikringstiltaka som det er stilt rekkjefolgjekrav om. Etter Kvam herad sitt syn er det naturleg at dei planfrie kryssingane som er vist i reguleringsplanen kjem på eit seinare byggestadie og at den forenkla løysinga omfattar trygg ferdsel langs fv. 7.

Etter vår vurdering er denne løysinga eit godt svar på det som vert etterspurt i KS si skildring datert 14.12.15 og me bed om at søknaden vår datert 22.01.16 vert supplert med momenta og vedlegget i denne e-posten.

Med helsing

Leiv Ingmar Kaale

Rådgjevar – Plan

Kvam herad